

ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 2004

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag .

Styret

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL

Nestleiar: Monica Bondevik Dale, BUL

Styremedlem frå utval for plan og utvikling: Odd Atle Linde (vår) og med Jarle Midtun som ny frå hausten –04.

Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.

Varamedlem: Lars Sjøtun

Styret har hatt 2 møter.

Medarbeidarar / dugnadsgjengen:

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.

Merete har elles vore økonomiansvarleg, billettør og maskinist.

Nils Magnar Feten og Kari Kvikne har vore maskinistvikarar.

Tore Handegård er vår maskinist"mentor".

Monica har hatt hovudansvaret for å skaffe snop, men har hatt permisjon frå snopsalet.

Ungdomsgruppa som har vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga:

Heile året:: Ina Borlaug, Kjartan Eldevik, Marius T. Sande, Øyvind Ro og Frank Sande

Før sommaren: Grete Olin Engan, Kristine Harlem og Arin Menes.

Frå sommaren: Julie Tveit Jensen og Amanda Sundby Hoff.

Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

Viktige sider ved kinodrifta

| ÅR | BESØK | VAKSNE * | BORN | INNTEKTER | TAL FILMAR | SNITT | TAL FRAMS. |
|------|-------|----------|------|-----------|------------|-------|------------|
| 2004 | 3528 | 2332 | 1196 | 168.135,- | 68 | 51,88 | 125 |
| 2003 | 3919 | 3035 | 884 | 164.990,- | 68 | 57,63 | 135 |
| 2002 | 3163 | 2319 | 844 | 134.945,- | 59 | 53,61 | 93 |
| 2001 | 4078 | 3350 | 728 | 162.710,- | 73 | 55,86 | 113 |
| 2000 | 3695 | 2688 | 1007 | 137.075,- | 73 | 50,62 | 105 |
| 1999 | 3414 | 2653 | 761 | 126.205,- | 62 | 55,06 | 95 |

* I tal vaksne er det innrekna også born og ungdom på framsyningar med start seinare enn kl.1800.

Nokre tal frå glansperioden til Friberg kino Balestrand

1957 10.499 6762 3737 18.233,75 62 (3 norske)

"Bestyrar John Myhre, framsyning søndag og onsdagar (om sommaren)

Prisar: Vaksne kr. 2,00 skuleungdom over 16 år: kr. 1,50 og born kr. 1,00

1953 10.221 9359 862 14.936,75 67 (5 norske)

"Bestyrar Andrias Linde, Maskin: Philips A, 120 sitteplassar + 10 ståplassar

Visning kvar søndag + nokre onsdagar. Prisar: kr. 1,50 for vaksne og kr. 0,75 for born.

(Kjelde: Årbøker for Film & Kino)

Ein liten oversikt over tal knytta til norske filmar på kinoen:

| ÅR | BESØK | TAL FILMAR | TAL FRAMSYNINGAR |
|------|-------|------------|------------------|
| 2004 | | | |
| 2003 | 928 | 11 | 30 |
| 2002 | 331 | 8 | 15 |
| 2001 | 742 | 7 | 22 |
| 2000 | 456 | 10 | 14 |
| 1999 | 441 | 8 | 13 |

| Dei 10 best besøkte filmene i 2004 | | |
|------------------------------------|------------------------------------|-------------------------|
| | Film - | Besøk |
| 1. | HARRY POTTER OG FANGEN FRA AZKABAN | 211 Noregspremiere (4)* |
| 2. | RINGENES HERRE: ATTER EN KONGE | 169 (3) |
| 3. | SHREK 2 | 159 (4) |
| 4. | OLSENBANDEN JR. PÅ ROCKER'N | 148 (3) |
| 5. | PUSUR -THE MOVIE | 142 (3) |
| 6. | Q-GJENGEN | 136 (3) |
| 7. | DIRTY DANCING 2 -HAVANA NIGHTS | 103 (2) |
| 8. | SPIDER-MAN 2 | 102 (3) |
| 9. | MIN BROR BJØRNEN | 99 (3) |
| 10. | WHALE RIDER | 95 (3 inkl. skulefr.) |

* Tal framsyningar i parentes.

11. THE DAY AFTER TOMORROW 93 (2 FRAMS.)
12. SMÅSPIONER I 3-D 86 (2 FRAMS.)
13. KING ARTHUR 85 (2 FRAMS.)
14. IKKE NAKEN 83 (3 FRAMS.)
15. OPERASJON MJAU 76 (2 FRAMS.)
16. DE UTROLIGE 76 (3 FRAMS.)
17. BARE BEA 74 (2 FRAMS.)
18. BRIDGET JONES: PÅ RANDEN 70 (4 FRAMS.) +2/1-05=81
19. THE PASSION OF THE CHRIST 65 (2 FRAMS.)
20. MAN ON FIRE 65 FØRPREMIERE, DSK
(I januar hadde vi reprise på Oppdrag Nemo: 59 besøk, tilsaman 184 inkl. dsk 2003)

FILMAR SOM HAR SPELT INN MEST:

1. HARRY POTTER OG FANGEN FRA AZKABAN KR. 11.820,-
2. RINGENES HERRE: ATTER EN KONGE KR. 11.250,-
3. OLSENBANDEN JR. PÅ ROCKER'N KR. 7.335,-
4. SHREK 2 KR. 7.200,-
5. Q-GJENGEN KR. 6.860,-

Liste over alle filmene med besøkstal og billettinntekter kjem seinare.

Representasjon og deltaking på filmtreff og festivalar

- * Årsmøtet til Balestrand Bygdahus P/L: Marianne og Merete deltok.
- * Norsk Kinoforbund sitt årsmøte, under Filmfestivalen i Haugesund:

Kinosjef Marianne Hoff, som avtroppande leiar og Merete Sande, som leiar av valnemnda.

- * **Film & Kino** (tidlegare KKL/NKFF) **sitt landsmøte** på Lillehammer i juni:
Marianne var delegat
- * **Norske kinosjefers forbund sitt årsmøte** i mars: Marianne møtte og vart varamedlem til styret..
- **Filmtreff:**
Merete og Marianne deltok på dei fleste filmtreffa som Film & Kino arrangerte. På filmtreffa i februar og oktober (vinter- og haustferietid) har representantar for ungdomsgruppa delteke på filmtreff.
- **Festivalar:**
Merete deltok på Filmfestivalen i Tromsø i januar.
Marianne og Merete deltok på Filmfestivalen i Haugesund i august og på Bergen Internasjonale filmfestival (BIFF) i oktober.

Økonomi

2004 ga diverre ein liten nedgang i publikumstalet, men grunna auka billettprisar (på landsbasis) auka billettinntektene litt i høve 2003.

Grunnlaget for kinoen er, forutan billettinntektene, stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-), Sparebanken Sogn og Fjordane pluss støtte frå lokale næringsdrivande gjennom reklame på kinoen og på filmprogrammet.

Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Til og med Filmfestivalen i august har Norsk kinoforbund dekkja eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter / årsmøte.

Som leiar i NKF fekk Marianne dekkja 3 døger i Haugesund som gjest.

Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film på kino til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar vel difor slike arenaer framfor å ta ut løn / godtgjerse.

Støtte/ refusjon frå ovannemnde instansar gir mindre utlegg på kinoen.

KAMPANJAR

A. Sommarkino

Friberg kino deltok på Sommarkinokampanjen også i 2004.

Vurdering:

Tilgangen på god film og været er to avgjerande faktorar.

Her er resultatet for dei siste åra:

| ÅR | Besøktal | Tal filmar | Snitt | Tal framsyningar |
|------|-----------|------------|------------|------------------|
| 2004 | 769 | 15 | 51,86 | 26 |
| 2003 | 694 | 15 | 46,27 | 20 |
| 2002 | Ombygging | i | Bygdahuset | |
| 2001 | 605 | 12 | 50,42 | 15 |
| 2000 | 198 | 5 | 39,6 | 7 |
| 1999 | 158 | 3 | 52,67 | 5 |

B. Den store skulekinodagen

Arrangementet er landsdekkande, og blei markert i Balestrand i 2003. Totalt var 403 elevar og lærarar innom denne dagen. Tilskot frå Balestrand Ungdomsråd sikra at vi fekk til ein særskild vellukka skulekinodag!

Sentral oppsummering etter arrangementet synte at det var størst interesse for å ha dette arrangementet om vinteren.

Det vart vedteke å legge arrangementet fast til 1. februar kvart år med neste arrangement i 2005.

I 2004 kørde vi vårt lokale opplegg med 1 film for barnehagane og 1 for mellomtrinnet.

Vurdering:

Målgruppene set stor pris på film på kino også som del av barnehage- og skuletid. Økonomien er avgjerande for å kunne oppretthalde oppslutninga frå skulane.

Eit alternativ er at skulane set av midlar på eige budsjett til slike tiltak eller at kinoen får øyremerka tilskot frå kommunen til slike tiltak.

Etter den nye mønsterplanen og med Den kulturelle skulesekken, bør det vere sjølsagt med bruk av film på kino i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig å tilby.

Gladmelding på tampen av 2004: Kommunen set av kr. 10.000,- ekstra til Friberg kino øyremerka Den kulturelle skulesekken inkl. Den store skulekinodagen.

Det er eit mål å få faste kontaktpersonar på skulane som er interesserte i kinofilm på timeplanen.

TAL FOR SKULEKINO inkl. barnehagar (SKULEKINODAGEN I PARENTES)

| ÅR | Besøktal | Billettinntekter | Tal filmar / framsyningar | Snitt |
|------|-----------|--------------------|---------------------------|-------------|
| 2004 | 112 | 2.940,- | 2 | 56 |
| 2003 | 514 (403) | 5.860,- (3.210,-*) | 6 (3) | 95,66 (134) |
| 2002 | 67 | 1.200,- | 1 | 67 |
| 2001 | 196 | 4.275,- | 3 4 | 65,3 |
| 2000 | 231 | 4.900,- | 3 | 77 |
| 1999 | 90 | 2.760,- | 3 | 30 |

* Utgifter som vart dekkja av Ungdomsrådet

C. Den store kinodagen

Vi starta, som vanleg, med kakelotteri og reklame for filmene på Holmatunet og COOP i dagane før den store kinodagen.

Det lokale arrangementet laurdagen la vekt på filmene pluss Dirty Dancing i Vetlesalen.

Vi satsa på filmar for alle aldrar og med hovudvekt på gode norske filmar.

Vi opna kl.11.00 med kafé i Vetlesalen. Her serverte vi suppe, kaffi, te, kake, vaflar, snop og popcorn og etterkvart også pizza fram til siste film starta kl.21.00.

Vel ein halv time før midnatt avslutta vi dagen. Då hadde publikum hatt følgjande filmmeny:

Kl. 12.00 Fia og klovnene

Kl. 14.30 Min misunnelige frisør

Kl. 16.30 Ikke naken

Kl. 18.30 Dirty Dancing 2

Kl. 21.00 Man on Fire (førpremiere!)

Evaluering av dagen:

Vi satsa på ny rekord, men nådde ikkje målet.

Besøktallet vart 289 mot 357 personar året før.

Billettinntektene vart på kr. 6830,-.

Det var populært med trekning av gevinstar på inngangsbilletten:

I tillegg til filmeffektar og plakatar ga Skjeldestad bokhandel boka "Min misunnelege frisør" av Lars Saabye Christensen.

Vi hadde ein rykande fersk film denne dagen dvs. førpremiere på "Man on Fire". Kanskje var filmen for ny og ukjent for publikum? Vi meiner det er viktig å ha ny film på programmet denne dagen. For å få dette til må vi halde fram samarbeidet med nabokinoane.

Det er uviss kor mange besøkande vi "misser" grunna fleire framsyningar av filmene før/etter DSK. Andre arrangement (Nattcup o.l) same helga kan få relativt store utslag.

| ÅR | Besøkstal | Billettinntekter | Tal filmer | % av totalbesøk / totalinntekt |
|------|------------|------------------|------------|--------------------------------|
| 2004 | 289 | 6.830,- | 5 | 8,18 / 4,06 |
| 2003 | 357 | 9.990,- | 6 | 9,13 / 6,06 |
| 2002 | 238 | 5.730,- | 6 | 7,5 / 4,25 |
| 2001 | 350 | 10.330 | 6 | 8,58 / 6,35 |
| 2000 | 331 | 8.505,- | 6 | 8,9 / 6,21 |
| 1999 | 312 | 7.045,- | 6 | 9,13 / 5,58 |

PR-arbeidet

Foldaren vår vert spreidd til skular, butikkar, frisørsalongar, legesenter med meir.

Viktige PR-måtar i tillegg til foldaren:

Oppslagstavla på Holmatunet og i døra på Balestrand Bygdahus og oppslag rundt om på viktige bygningar /treffplassar.

Sogn Avis har vore viktig for å få ut informasjon både gjennom redaksjonelt stoff og ikkje minst gjennom annonser etter spesialavtale! (Vi har gratis annonser hjå dei dvs. inntil 20.000 kr. og dei har gratis annonsering på kinoen.)

«**Munn-til-munn**»-metoden vert nytta dagleg.

Oversikt over oppslag i avisene

Sogn Avis, 17. jan. -Liten kino med stor aktivitet (Statistikk, litt framover)

Ytre Sogn Avis, jan. -Ny rekord for Friberg kino (!! statistikk)

07.02. Sogn Avis / Pao sognavis: Marianne på veg til filmfestivalen i Berlin

Sogn Avis, 28. okt. -Norsk filmhaust på Friberg (notis om filmer framover)

Sogn Avis, 4. nov. -Den store kinodagen (tospaltar felles for heile Sogn)

Ytre Sogn Avis, 5.nov. -Førpremiere i Bygdahuset (DSK,)

Sogn Avis, 6. nov. -Filmmaskinisten som aldri går lei

(Heilside i "Helg" med stort bilete og intervju med Merete)

Sogn Avis, 14. des. -Film før, under og etter jul (julegåve til publikum)

Nettsida www.friberg.tk og wap-teneste

No har vi hatt eiga nettside sidan 2003. Kjetil Bakken er "webmaster".

Tal treff i året som gjekk: 620 dvs. 1,7 pr, dag. Vi vonar stadig fleire nyttar sida for å sjå på filmtilbodet vårt, lese meir om filmene og for å gje oss innspel via gjesteboka.

Wap-tenesta vår er lite nytta til no, men kan bli eit hendig verktøy for å få ut informasjon.

KONKLUSJON

Vi nådde målet vårt for 2004 om å oppretthalde kinoen, men endte opp med nedgang i besøkstalet. Grunna auke i billettprisane vart billett-inntektene om lag som i fjor.

Det beste som hende kinoen i året som gjekk var at vi fekk behalde det kommunale tilskotet på 30.000 kroner. I tillegg vedtok kommunestyret å gje kr. 10.000,- ekstra til kinoen for å få film på kino inn i Den kulturelle skulesekken i 2005. Dette var oppmuntrande for oss som framleis har born og unge som viktigaste målgruppa vår.

Balestrand februar 2005

PLAN FOR ARBEIDET VIDARE:

Mål: Å oppretthalde og styrke eigen kino i Balestrand.

Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt.

Prioriterte oppgåver framover for Friberg kino:

1. Styrke drifta gjennom

- * oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.
- * auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv
- * oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.
- * årleg deltaking i opplegga til Sommarkinokampanjen, Den store skulekinodagen og Den store kinodagen.
- * etablering av faste ordningar kring desse kampanjane
- * skulere / stimulere kontaktpersonar for skulefilm / barnehageframsyningar.

- * opprusting og vidareutvikling av Bygdahuset i samarbeid med styret for huset: inkl. å jobbe vidare for å få frigjort rom til nettkafé og videoverkstad i Bygdahuset.
- * Sjå på aktuelle samarbeidspartar for evt. digital -/ ekinodrift.

2. Dokumentere historia til Friberg kino gjennom

- * å samle skriftleg materiell som kan dokumentere drifta gjennom over 50 år,
- * intervju veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff.
- * Etterlyse billetmateriell, evt. filmmateriell

Alt dette, saman med stor dugnadsinnsats, kan gjere kinoen liv laga framover.